

# Goddo — naturperle har fått brusamband

Dei fyrste bilane har alt køyrd over brua som no bind øya Goddo til andre lutar av Bømlo kommune. Dermed er 50 års vegarbeid slutt — og dei 160 menneska, som framleis bur på denne store øya ute i havgapet, kan sjå lyst på framtida når det gjeld kommunikasjonane. Ein times båtveis vert til 15 minuttars biltur, og ein slepp bylgjer storhavet sender innover.

Det siste året har gjeve von om stor framtid for dei som enno ikkje har flytta frå Goddo — dei som har trassa fråflyttingstendensen — dei som med von om ei god framtid for øya har kjempa for sitt. Ny skule og veg til Bremnes — det er litt av ein årsfasit ein kan setje opp — og den draumen som ein har børe i 50 år — og som har kosta kommune og stat ca. 17 millionar kroner — er vorten røyndom.

Dei siste åra har folk bygd nye hus på Goddo. — Hadde vi ikkje fått visse om bru, hadde vi aldri slått oss til her ute, seier Margrete Ytroy. Ho sit og kosar seg i solveggen framfor nybygget, og like ved har sonen og svigerdottera gjort ein ny bustad klar til innflytting. Det er på Kruneneset.

Langs den 10 kilometer lange vegen frå brufestet til Katla er det spreidd busetnader. Det er ein 10-tals slike småstader der det bur to—tre familiar.


Haugesunds Avis tok for ei tid sidan ein dagstur på Goddo. Det var før ein kunne køyra over trua. Vi hadde avtalt med Solfrid Ytroy — lærarinne og innflyttar frå Ørsta. Ho driv med litt skuleskyss på si — og folkevogna hennar er eit av dei få køyretøya på øya. Solfrid syner oss rundt på Goddo denne dagen — og ho fortel med varme om denne staden der ho no vil slå seg ned for framtida.

— Eg kunne ikkje tenka meg å bu andre stader, seier ho. Goddo er ein plass der alle kjenner alle, og Solfrid likar å sitte på trappa framføre husa og slå av ein prat. Folk har framleis god tid — meir jag vert det nok når det vert fleire bilar til og frå Goddo.

— Eg trur folketalet vil auka noko i tida frametter, seier Hans Ytroy. Kona Margrete vil ikkje til med sertifikat med det fyrste, men satsar heller på å få sitja på med nokon.

Etter det ein forstår vil ein få bussamband når vegen og brua vert opna, og det er meininga at dei unge skal reisa med skulebussen.

Det var i 1924 ein byrja arbeid



Andreas Klubben er vekependiar. No skal han prøve og ta sertifikat — og det vert meir tid heime.

det på vegen på Goddo. Den gongen hadde kvar og ein plikt- arbeid, og dette vart utført på heimsplassen for folka frå Goddo. Det gjekk seint, og det såg ikkje ut til at dei som drømde om bru og veg skulle få rett. Reiskapen var dårleg, og det var ikkje lett å koma fram gjennom stein og myr. Fyrst i 1966/67 tok det til å koma fart i arbeidet på denne vegstrekkinga. Då sto det igjen ca. halvparten. Det har gått trutt frametter dei siste åra, og vona om brusamband har vokse jamt ettersom arbeidet har kome nærare og nærare slutten.

— Vi har grunn til å takka, seier Hans Ytroy. — Folk som hadde tenkt å tasetja seg her har reist bort, men dei siste åra har fleire kome attende, og utviklinga vil snu seg.

Det har vore tungvint for folka på Goddo å koma til handelsenteret og kommunesenteret. — Ein tur til Bremnes måtte planleggjast fleire dagar på førehand. Etter at westamaranen i ytre lei kom, har det vore lettare å ta turen til Bergen, og eg trur Austvik vil verta ein reisestad for folk frå Bremnes-regionen som skal til Bergen.

— Det har ikkje vore heilt enkelt for Goddo-folket når dei skulle til med husbygging. Det måtte skaffast ekstra skyss for å få materialen ut her, og fordyra byggekostnadene noko. Snikkarer som har bygd dei tre nye husa på Kruneneset har budd på staden i vekene, og har såleis berre reist heim om helgane —

sjølv om han har heimsplassen sin berre 10 kilometer frå staden. Det ligg eit sund mellom.

Ein av stadene langs vegen på Goddo heiter Klubben. Der treffe me Andreas Klubben. Han arbeider på Stord Vertf, og er vekependiar.

Fiskarlaget på Goddo søkte om at vegen på Goddo vart teken opp som Statens sjøbygdeveg, fortel Klubben. Staten tok på seg halvparten av kostnadene — resten vart delt mellom fylket og kommunen. Det kom svært små løyvingar, og fyrst når anlegget vart teke opp som fylkesveg, kom det fortgang i arbeidet.

— Vi har ikkje følt oss likeverdige med andre i kommunen. Ein har gått med følinga av at vi er noko underlege individ frå ein utkant, og slengordet «goddaran» har ikkje alltid falt i så god jord. Det er med stor glede vi ser fram til opninga av brua — det er draumen vi har børe på som no skal verta røyndom.

Det budde 300 menneske på Goddo på det meste — i si tid var det over 100 røysteføre. Fråflyttinga har vort til ei halvering av folketalet.

Ikkje minst for skuleborna vil brua få stor verd. I all slags ver må ein i båt, og det har ofte vore med otte foreldra har sendt borna av garde.

Ca. 1 times reis kvar veg, og elevane frå Goddo, som har gått på Bremnes ungdomsskule, har ikkje alltid vore like opplagte til å setja seg med leksetøker når dei kom heim i 16-tida om ettermiddagen.

— Eg skal ta sertifikat, seier Klubben. Det vert nok slutt på vekependlinga, og han får sjå meir til familien. I framtida kan han reisa fra og til arbeidsplassen på Stord på vel timen.

På ein lun stad like ved vegen er mann og kone i fullt arbeid med husbygging. Det er Kåre Sørveik frå Brandasund som no vil busetje seg på «fastlandet» som han sjølv seier. Han har funne ein fin tomt, og no er det full innsats for å få koma inn i nyhuset snarast mogleg.

— Eg hadde nok ikkje sett meg til på denne staden dersom det ikkje hadde vorte bru og vegsamband med Bremnes.

Ute ved husveggen like ved sit Mons og Simon Klubben. Det er far og son som tar ein prat i godveret. Simon er 81 år, og han var med på det fyrste vegarbeidet på Goddo. No bur han på gamleheimen på Bremnes, men tar ofte ein tur heim.

Eg kan framleis ro, seier han

med eit smil. Og Simon fortel om tider då ein måtte ro til Urangsvågen eller Brandasund. Fyrst i 1938 fekk dei motorbåt. Simon har drive med fiske og litt småbruk i 50 år. — Men no skal det verte greier. Eg kan koma meg heim frå Bremnes på «no time». Roinga er det i alle fall slutt med — men sertifikat, nei, det er eg nok for gamal til å rota meg opp i.

— Men til heimsplassen på Goddo må eg rett som det er. — Eg må sjå til dei gamle fiskeplassane, forstår du.

— Det tok to timar å ro til Urangsvågen, men eg har vore med på å ro fram og attende på timen. Det var når vi skulle hente jordmor. Vi var tre mann som rodde, og at det gjekk bra, ser du på han der, seier Simon og peikar på sonen.

— Folk spurde meg ofte om eg ikkje skulle ta familien med meg og flytta frå Goddo. Eg svarde alltid at dei kunne reisa alle og einkvar, men denne familien skulle vera attende.

Men vi reiser vidare på Goddo. Solfrid Ytroy viser oss Skinnhueset. Dette var tidlegare ein handelsplass, men den vart nedlagt for kort tid sidan. Det er no kome veg fram til dei seks husa på Skinnhueset, og dette arbeidet slutta i fjor.

Klåven vert neste stoppestaden — ein plass der det ikkje bur folk lenger. Det budde ca. 10 menneske på denne naturfagre staden for nokre år sidan — tome kvitmåla hus står attende.

Endeplassen på vegen på Goddo er Katla. Her er slutten på den 10 kilometer lange Godde-vegen. Det står tre hus her — nokre har flytta frå staden — men nokre bur att — og har fått brua dei har venta på. Her driv dei med fiske og småbruk som mange av dei andre som bur på Goddo.

Det er alt stor etterspurnad etter hyttelotter, men det er ikkje alle som er like ivrige til å selgja.

Det er mange svært fine stader langs sjøen, og det er alt nokre som har sikra seg ei tomt. Goddo vert nok og ein utfartstad for folk som bur på Bømlo. Det er mange fine rasteplassar, og langs strendene er det fint for dei som vil ha eit bad.

Gustav Kloven heiter den einaste handelsmannen på øya. Det er ikkje så mange husstader han har i sin kundekrets, men det var meir folk då han byrja handelen for 32 år sidan. — Eg er 64 år gamal no, og fell snart for aldersgrensa, fortel Kloven, og han bur i det einaste huset som står i Austvik. Ved kaien her legg westamaranen «Haugesund» til — noko som har ført til ei stor betring i kommunikasjonane for folka som bur på Goddo.

— Det var i 1938 eg slo meg til her i Austvik, fortel handelsmannen. — Det var ikkje så mykje å velja i av arbeid, og eg fann at det kunne vera trong for ein handelsmann. På Kloven si kramløy har det nok gått mang ein drøs om mangt og mykje. Folk kom roande i gamle dagar — dei hadde tid til å slå seg ned for å ta ein prat. I dag har ikkje folk så god tid, men enno er det noko av det gamle preget over krambua i Austvik. Det er mange varer — frå mat til vaser og leker. Ein skal ha litt av alt, og det manglar då heller ikkje på utvalet. Tidlegare var det ikkje veg til Austvik — den kom for 12 år sidan. Her kjem fram-



— Eg var med og tok fyrste spadetaket på vegen på Goddo, fortel Simon Klubben. Her saman med sonen, Mons.



Kåre Sørveik er frå Brandasundet, men no vil han busetja seg på «fastlandet». Han er i full gang med husbygging.

leis fiskarane som skal levera hummar eller ål. Gustav Kloven vil ha handelen open enno ei tid, men om nokre år vert det sett sluttstrek for den siste handelsmannen på Goddo. Men det opnar seg nye voner — og det vert ikkje vanskeleg å få varene tilkøyrd frå Bremnes eller Urangsvågen.

Siste stoppestaden vår på veg attende til bruskiptet er den nye


skulen i Erevik. Den er ny- leg teken i bruk, og skuleborna hadde idrettsdag då vi kom på vitjing. Ca. 500 meter borte ser dei folka som arbeider på brua — og det er god von for at mange av desse unge i framtida ein gong vil finna sin stad på Goddo — og stifta sin familie. Dei vil føra slekta vidare.

17 elevar har Erevik skule — som er den einaste skulen på

øya. Tidlegare var det ein til, Katla skule ved Skinnhueset.

Dei unge på Erevik skule fortel at dei skal ta sykkelen og koma seg til Bremnes — det vert såvel gode folk for idrettslag som musikkorps. — Det vert nok litt mykje trafikk — men kjekt likevel, fortel skuleborna.

Dei er glade for at Goddo no er knytt til Bremnes. Dei vil ikkje bu nokon annan stad.



Solfrid Ytroy leikar med dottera Anne som sit på fanget til farmor Margrete Ytroy.



Desse tre husa står tome. Det bur ikkje folk lenger på denne staden — Klåven.



Dei er skuleungdommane på Goddo. Dei har fått ny skule, og når brua no er opna ser dei ei ny framtid i møte.